



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteinkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**

Møtestad: Rosendal Fjordhotell

Dato: 02.12.2022

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 41/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 42/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 43/22	Framlegg - Bygge platting foran hytte - Folgefonna nasjonalpark - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra - Mauranger	2020/12904	
ST 44/22	Framlegg - Søknad om å løyve til tiltak knytt til restaurering av stølsbu i Vierdal - Folgefonna nasjonalparkstyre	2022/11690	
ST 45/22	Søknad om midlar til drift av Folgefonna nasjonalparkstyre - 2023	2022/107	
ST 46/22	Søknad om tiltaksmidlar for 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre	2022/107	
ST 47/22	Planlegging av oppsyn fra Statens naturoppsynt for 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2022	2022/107	
ST 48/22	Referatsaker		
RS 11/22	Underretning om henleggelse av sak - Brot på verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark	2020/13959	
RS 12/22	Orientering -ber om - utsett klagefrist løyve - nydyrkning - Hattebergsdalen landskapsvernområde	2020/12839	
RS 13/22	Kopi - Varsel - vurdering - omgjøring - vedtak om nydyrkning - Folgefonna nasjonalpark - nydyrkning - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen	2020/12839	
RS 14/22	Rammer og opplegg for statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder - 2023	2022/107	
ST 49/22	Delegerte saker		
DS 26/22	Utvila løyve til 2023 - Søknad - motorferdsel - helikopter - Prestavatnet - Gunn Skaale - Hattebergsdalen landskapsvernområde	2021/4333	
DS 27/22	Vedtak - vedtak 2022 - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - ATV - hjort - Ænesdalen - Nyskre - Hestabotnen - Per Magne Enes	2021/13019	

**ST 41/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 42/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	39/21	06.12.2021
Folgefonna nasjonalparkstyre	43/22	02.12.2022

Framlegg - Bygge plattng foran hytte - Folgefonna nasjonalpark - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra - Mauranger

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 1.3 b*), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Ronny Kroka løyve til oppføring av trapp og plattning på Tveitnessetra – Furebergsdalen.

For løvve gjeld følgande vilkår:

- Trapp og plattin skal ikkje overstige eit areal på 3 meter langt og 2 meter breidde, pluss trapp.
 - Plattin skal følgje høgda på hytta.
 - Byggeavfall skal vera rydda og fjerna innan 1. desember 2022.

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021

Handsaming i møtet

Styret ønskjer at hytta vert malt i ein farge som samsvarar med dei fargane som vart vist på byggetekningane som vart godkjent i møtet 05.10.2020. Det vil seie at hytta må malast i ein mørkare jordfarge. Mørk brun beis er eit vanleg val på liknande bygg elles i verneområda. Elles meiner styret det kan ha ein stor presedens om det vert tillate å bygge ein plattng av den dimensjonen som det her er søkt om og viser til

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudadalen



tidlegare vedtak der styret har avslått søknader om plattingar av denne dimensjonen. Det vert også vist til at sjølve byggeprosessen er politimeldt og at styret venter på avgjerd fra påtalemynda.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre utset handsaming av sak om platting og trapp på hytte på Tveitnessetra. Saka vert utsett til det har komme ei endeleg avgjerd i politisaka om bygging av hytta på Tveitnessetra.

Saksopplysningar

Etter brann i eit sel på Tveitnessetra fekk grunneigar ved ansvarleg søker Botakst AS løyve til oppføring av ei ny hytte, med vedtak i Folgefonna nasjonalparkstyre 05.10.2020. Løyvet var gitt med vilkår om at alt byggeavfall skulle ryddast og fjernast innan 1. desember 2020.


Ved synfaring av hytta 20.05.2021 vart det oppdaga at det framleis var byggematerialar lagra utanfor hytta. Det var også sett opp ei mellombels trapp foran døra. Fargen på hytta samsvarer ikkje med teikningane som vart sendt inn i søknaden om byggeløyve.

Forvaltar kontakta grunneigar og opplyste om at vilkåra i løyvet frå styret frå 5. oktober 2020 ikkje var overhalde. Grunneigar ville då søkje om å setje opp ein platting og trapp foran døra.

Søknad

Grunneigar og eigar av selet på Tveitnessetra søker i epost datert 18. novemer 2021 om å bygge trapp og platting på selet.

Søkjar vil bygge ei trapp for å få tilkomst til hytta, då døra er om lag ein meter over bakkenivå. Søkjar meiner dette må ha vore gløymt av arkitekten i byggteikningane, då døra er høgt oppe på veggen. Søkjar vil bygge ein platting på 3 x 2 meter. Plattinga skal byggast i impregnert treverk, umalt, og vere utan rekkverk. Søkjar tenkjer å bygge plattinga i løpet av 2022. Teikningane under viser kor plattinga er tenkt plassert på dei originale byggteikningane.





Bygget fra vest.

Vurdering

Utgangspunktet er at alle byggetiltak er forbode i nasjonalparken, jf. verneforskriften § 3, punkt 1.1. Ved brann eller liknende kan nasjonalparkstyret gje løyve til:

« 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

b) Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet».

I forvalningsplanen er det peika på at det bør utarbeidast retningslinjer for kva som kan reknast som tradisjonell byggeskikk i området. Det er i dag ikkje utarbeida slike retningslinjer. For kulturminne er det vist til at fylkeskommunen sine råd om tradisjonell byggeskikk skal leggast til grunn.

Tiltak skal i tillegg vurderast i høve til reglane gitt i Naturmangfaldlova § 8-12.

Vurdering

Tiltaket eit tilbygg til ei hytte bygd opp i 2020. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera godt nok for å vurdere effektane av tiltaket. Tiltaket er vurdert til å ikkje ha konsekvensar for naturmangfald eller vera i strid med vernet.

Nasjonalparkstyret kan med heimel i verneforskrifta vedta å opne for oppattbygging av stølshus som er gått tapt i brann. Generelt vil ein setje eit vilkår om at bygget vert oppført i tradisjonell byggestil og at det ikkje er gjort større endringar i størrelse eller utsjånad. Det vart



gitt løyve til å bygge opp att selet i vedtak frå 05.10.2020. Det opphavlege selet hadde ikkje platting foran døra, men på grunn av heving av hytta i terrenget er det naudsynt med ei trapp eller platting for å lette tilkomsten. Forvaltar ser difor sokjar sitt behov for ei platting/trapp. Då det allereie er sett opp eit nytt bygg på plassen, meiner forvaltar at ein trapp ikkje vil føre til nemneverdig større inngrep. Det er ført ein streng praksis når det gjeld plattingar og terassar rundt hytter i nasjonalparken og særleg på bygg som står i eit gammalt stølslandskap. Det er eit aukande ønske fra hytteigarar å ha meir plattingar, men dette vil endre stølsmiljøa og kan ikkje reknast som tradisjonell byggeskikk. Når det er behov for ei trapp er det viktig at dette løysast på ein måte som ikkje skapar unødig presedens for andre tilsvarande søknader i framtida.

Det bør leggast til grunn ein restriktiv praksis når det gjeld endring av fasader og utsjånad på bygg i nasjonalparken. Forskrifta legg opp til at alle bygg skal vere tilpassa landskapet og tradisjonell byggeskikk. Biletet under frå Vatnastølssætret viser korleis hytte og platting er tilpassa desse retningslinene. Det bør vurderast om både platting og hytte skal malast i ein farge som gjer at han glir meir inn i omgjevnadene enn den fargen som er i dag.





Arkivsaksnr: 2022/11690-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 25.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	44/22	02.12.2022

Framlegg - Søknad om å løyve til tiltak knytt til restaurering av stølsbu i Vierdal - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev løyve til nokre av tiltaka som er søkt om med heimel i forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3-1-3

Løvvet er gitt med følgjande vilkår:

- Alle tiltak må vere gjennomførte og all reiskap må vere frakta ut av området innan 30.09.2023
 - Søkjar skal sende ein bilettrapport til styret som tydeleg viser gjennomførte tiltak på bygget og tiltak som innan fristen 30.09.2023

Dokument i saka

- Byggeløyve frå nasjonalparkstyret 07.04.2014
 - Rapport frå Statens naturoppsyn, 01.08.2022
 - Svar frå sokiar, 07.11.2022

Saksopplysningar

Løyve til å ombygge stølshus vart gitt av Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak 7/14, 07.04.2014. Statens naturoppsyn gjekk på kontroll av hytta som var oppført i Vierdal 1. august 2022 etter tips frå publikum om moglege ulovlege inngrep.

Det har vore gitt løyve til motorferdsel til å frakte inn utsyr og material i samband med bygging av hytte og naust i 2016 for fire år med snøskuter, og i 2016, 2017, 2019, 2020 og 2022 med helikopter. Det var ikke sett nokon frist for å bygge seg ferdig i vedtaket til nasjonalparkstyret.

Saka gjeld bygging/ombygging av stølshus i Folgefonna nasjonalpark. Det er gitt løyve til tiltaket med visse vilkår etter verneforskrifta § 3 1.3 a) For løyvet gjeld følgjande vilkår:

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebuddalen



-
- Tilbygg og restaurering av selet skal vera i tråd med innsendt søknad datert 20.12.2013.
 - Byggeavfall skal fjernast frå området når arbeidet er avslutta.

Styret vedtok å sende eit brev til søker 21.10.2022, der vi ba om tilbakemelding på dei punkta som SNO påpeiker i sin rapport. Søker svarte 7. november på dette brevet, og ber i telefonsamtale med forvaltar 21.11.2022 om at svaret handsamast som ein søknad om å få løyve til dei tiltaka som er gjort, utan at det er med i det opphavlege byggeløyvet. Svar frå søker er lagt ved saka.

Lovheimel

Vierdal ligg i Folgefonna nasjonalpark og tiltaket må vurderast etter reglane i forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark. Det er Folgefonna nasjonalparkstyre som har forvaltningsmynde etter verneforskrifta.

Føremålet med Folgefonna nasjonalpark er (jf. forskrifta § 2):

- å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggende område med fjell og bre
- å ta vare på verdfull vassdragsnatur
- å sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- å sikre viktige geologiske førekomstar
- å sikre verdfulle kulturminne

Allmenta skal ha høve til naturoppleving ved å utøve tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

I verneforskrifta er det reglar som forbryr bygging og varige tekniske inngrep. I § 3 1.3 er det opna for at nasjonalparkstyret kan gi løyve til:

- 1.3 Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til:
 - a. Ombygging og utviding av bygningar.
 - b. Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade.
 - c. Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.
 - d. Oppføring av bygningar i samband med oppsyn med verneforskriftene og oppsyn i medhald av anna lov

I forvaltningsplanen er det skissert kva retningsliner som gjeld ved ombygging og nybygg:

«Bygningar og andre innretningar

Det er fleire bygningar (stølar, hytter og uthus) og andre innretningar (t.d. gjerde) i nasjonalparken.

Rammer og regelverk



Vernereglane er ikke til hinder for vedlikehald av eksisterande bygninger og andre innretninger (t.d. gjerde), jf. pkt. 1.2 a.

Det skal vere ei restriktiv forvalting av området når det gjeld heilt nye bygningar. Vernereglane er difor utforma ut frå målet om å kunne gje ei klar avgrensing når det gjeld nye bygg. Vernereglane opnar for oppføring av nye bygningar i samband med husdyrnæring, oppsyn eller om bygninga går tapt ved brann eller annan naturskade.

Retningsliner

- Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som å skifte kledning, vindauge og anna som ikke fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad. (Alle former for utvidingar, også plattigar og andre tiltak som berre er meldepliktige eller er unntakne fra meldeplikt, jf. PBL, er søknadspliktige i nasjonalparken).
- For å gjennomføre tiltak på bygningar som fører til endringar i utsjänad, form og storlek, må det søkjast om løyve, jf. pkt. 1.3 a i vernereglane. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane. I ein søknad om ombygging/utviding er det svært viktig at behovet for eventuelle endringar vert gjort godt synleg.
- Normalt vert det gjeve løyve til oppattbygging av bygningar som er gått tapt i brann eller ved annan naturskade. Dersom bygningen hadde ei uehdig plassering med tanke på verneverdiane bør bygningen byggjast opp at på meir eigna stad på eigedomen.»

Det er også retningsliner som gjeld ved vedlikehald og arbeid på kulturminne og verneverdige bygg. Det er også retningsliner som gjeld ved kulturminne:

Rammer og regelverk

Kulturminnelova gjeld i nasjonalparken, som andre stader. Å ta vare på kulturminne er også ein del av verneføremålet, jf. verneforskrifta § 2. Pkt. 4.1 i vernereglane seier at kulturminna skal sikrast mot skade og øydelegging, og lause kulturminne skal ikkje flyttast eller fjernast. Jf. pkt. 4.2 kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

Retningsliner

- Ved handsaming av søknad om løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne, skal forvaltingsstyresmakta vurdere konsekvensane for naturverdiane av eit slikt løyve både på kort og lang sikt, og korleis dette eventuelt kan skape presedens for seinare saker. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete.
- I saker som gjeld søknader om tiltak etter vernereglane pkt. 1.3.a, b, c, d og i, skal fylkeskommunen ha sakene til fråsegn og elles gje råd og rettleiing om tradisjonell byggjeskikk. Inntil nærmare retningsliner om tradisjonell byggjeskikk er på plass, skal desse retningslinene leggjast til grunn:
 - Det skal så langt som råd takast vare på opphavlege bygningsdetaljar.
 - Om ein må byte kledning skal berre det som er nødvendig skiftast ut. Ny kledning skal vere lik den eksisterande.
 - Dersom det skal målast utvendig, skal det nyttast same fargen som det har vore tidlegare.
 - Vindauge og dører skal restaurerast/reparerast heller enn å skiftast ut. Er utskifting nødvendig skal dei ha tilnærma lik utsjänad og same mål som tidlegare.



- *Rekonstruksjon kan berre tillatast når det ligg føre dokumentasjon på korleis den opphavlege bygningen såg ut.*
- *Ved restaurering og rekonstruksjon skal fylkeskommunen gje fråsegn og råd om utføringa.*

Dei fleste verneverdige bygningane i området vil truleg måtte takast vare på av interesserte eigarar. Vern gjennom bruk kan vere viktig for å skape interesse og motivasjon for vernet. Bruk, t.d. gjennom utleige for enkel overnattning, kan danne eit økonomisk grunnlag for vedlikehald.

Nokre av bygningane i verneområda kan truleg med fordel restaurerast eller tilbakeførast til ein meir opphavleg stand og utsjänad. Dette kan t.d. gjelde bygg eller utbetringar av "nyare" dato som klårt bryt med opphavleg utsjänad eller lokal, tradisjonell byggjeskikk.»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket på verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 23.11.2022). Forvaltar viser også til byggeløyvet gitt 07.04.2014.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. I eit stølsmiljø er det viktig å oppretthalde det tradisjonelle utrykket på bygningar, og ta vare på kulturminna.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsatt for. Dette gjeld både i kvar einskild sak men også kva som vert samla belasting om alle tilsvarende saker vert handsama likt. I denne søknaden vil delar av tiltaka som er søkt om føre til ein vesentleg presedensverknad for handsaming av tilsvarende saker om ombygging og restaurering av gamle stølshus, som går vidt ut over dei føresetnadene som er sett for bygg i forskrift og forvaltningsplan. Naturmangfaldlova § 9 omhandlar føre-var-prinsippet. Om styret tillétt å byggje slik søker her har gjort vil dette skape store presedensverknader for tilsvarende stølsmiljø i alle verneområda.

Forvaltar viser til rapporten frå SNO med biletar som viser utforming av hytta i juli i år og byggeteikningane som vart godkjente i 2014. Forvaltar viser også til løyvet gitt i 2014. Søkjar har svart på førespurnaden frå nasjonalparkstyret og sjølv kommentert på rapporten frå SNO. Søkjar ønskjer å søkje om å få godkjent dei delane av byggeprosjektet som ikkje var med i opphavleg byggjesøknad og -løyve. Det er fleire brot på vernereglane og byggeløyvet i



denne saka. Vurderinga av kva som kan bli gitt løyve til må basere seg på i kor stor grad inngrepet bryt med vernereglane og korleis dei bidreg til ein auka samla belasting på sjølve byggetiltaket og presedensverknaden av å gje løyve for andre byggesaker i verneområda.

Etter vedtektene til Folgefonna nasjonalparkstyre punkt 8.5 har styret eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskriftene vert rapporterte/anmeldt til politiet om det er grunn til å tru at noko straffbart har skjedd. Om nokre av tiltaka ville vore godkjent på søknadstidspunktet er det fornuftig å avklare dette før styret sanksjonerer mot brot på verneforskrifta. Eit krav om retting bør sjåast i samanheng med Ullensvang kommune sin vurdering av byggesaka etter plan- og bygningslova. Det har ikkje lukkast forvaltar å få tak i gjeldande byggeløyve frå Ullensvang kommune, eller ei vurdering av tiltaket frå kulturminnemynda.

Den løyvde ombygginga har vore såpass omfattande at det ikkje er noko igjen av det eventuelt verneverdige ved sjølve bygget. Dei opphavlege murane og støttemurane aust om selet har truleg hatt ein verneverdi, men det er usikkert for forvaltar om tiltaka som er gjennomførte her har vore til gagn eller skade. Fylkeskommunen har heller ikkje omtalt tilstand på grunnmur eller støttemurar slik dei låg før byggearbeidet.

Styret har også mynde til å ilette administrative sanksjonar, som retting, om det er aktuelt. Miljødirektoratet kan etter § 74 ilette miljøerstatning om det er gjort ulovlege inngrep i verneområde, brot på vilkår i løyve og liknande.

Den løyvde ombygginga har vore såpass omfattande at det ikkje er noko igjen av det eventuelt verneverdige ved sjølve bygget. Dei opphavlege murane og støttemurane aust om selet har truleg hatt ein verneverdi, men det er usikkert for forvaltar om tiltaka som er gjennomførte her har vore til gagn eller skade. Fylkeskommunen har heller ikkje omtalt tilstand på grunnmur eller støttemurar slik dei låg før byggearbeidet.

Takstein

Det er ikkje sett vilkår i løyvet som regulerer takstein. Takstein i betong er ikkje ønskeleg på stølshus i nasjonalparken, då det er i strid med tradisjonell byggeskikk. Søkjar opplyser om at det ikkje er takstein, men takplater med ru overflate, til liks med naboselet. Platene er valt då dei ikkje er blanke som bølgjeblekk. Forvaltar vurderer at val av takstein er innafor løyvet som vart gitt i 2014, då det ikkje er spesifisert i vilkåra kva takstein som skal nyttast. Her innstiller forvaltar på at søker får behalde taket slik det ligg.





Selet slik det stod i 2013 hadde svarte
blekkplater på taket

Taket ved kontroll i 2022

Ekstra vindauge i gavl

Vindaugen var i følgje søkjar gløymt ut i dei opphavlege byggetekningane. Vindaugen er naudsynt som rømmingsveg frå hems. Forvaltar meiner vindaugen i nokon grad bryt med det tradisjonelle inntrykket på stølshuset, men meiner at føremålet med rømmingsveg må vege tyngre og innstiller på at søkjar kan få løyve til å la vindaugen stå.

Framlegg: Søkjar får behalde vindaugen i vestre gavl som han har søkt om det.



Byggetekningane datert 19.03.2013, utan
vindauge i gavl

Solcellepanel

Solcellepanela er ikkje i tråd med byggetekningane som er gitt løyve til. Forvaltningsplanen legg til at tiltak på bygningar som fører til endringar i utsjånad, form og storleik, må søkjast om, jf. pkt. 1.3 a i vernereglane. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane, dette gjeld sjølv om tiltaket er unntake meldeplikt etter plan- og bygningslova. Søkjar viser til behov for å ha straum til opphold og lading av telefon og GPS som er nyttige verktøy i samband med beitetilsyn. Forvaltar ser at det er eit behov og ønskje med straumtilgang på stølane. Solcellepanel er ein teknologi som har komme for å bli. Retningslinene for fasadeendring seier at vi skal leggje vekt på estetikk og landskapstilpassing. Solcellepanel på veggane bryt med eit tradisjonelt utrykk på stølen, men samtidig pregar solcellepanel dei fleste stølsmiljø i verneområda, og alternativ som straumaggregat vil føre meir negativt med seg enn sjølve panela.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på at søkjar får løyve til å behalde solcellepanelet på sørsida, med eit mål på: XX slik det er monterte i dag, utan helling. Forvaltar føreslår å gje avslag på solcellepanelet på austsida av bygningen.



Blå konteinrar

Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til mellombels eller permanent oppsetting av konteinrar i verneområdet. Dette er brot på vernereglane i § 3. Søkjar opplyser om at konteinaren har vore lagerplass for verktøy straumaggregat og bensin m.m. i byggjepersonen. Konteinaren vil verte fjerna så snart murbygginga er gjennomført, i følgje søkjar. Forvaltar ser behovet for å ha eit lager til verktøy og maskinar i eit så omfattande byggeprosjekt, og om det hadde vore søkt om å setje opp ein mellombels konteiner ville det mest sannsynleg vert gitt løyve.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på at søkjar kan ha konteinrar på plassen til arbeid med stølshuset er ferdigstilt. Innstiller på at konteinrar får stå til byggearbeid og opprydding er ferdig 30.09.2023. Frakt av konteinrar ut av området krev eige motorferdselløyve.

Ekstra vindauge i kjellar



Fronten på selet etter byggetekningane



Front på selet ved kontroll i 2022

Vindaugen på muren er ikkje i tråd med byggetekningane som er gitt løyve til. Søkjar opplyser om at det opphavlege stølshuset (som var delvis rive før 2013), hadde eit vindauge her. Kravet i forskrift og forvaltningsplan er at ombygging og utviding av eksisterande hus må skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassa landskapet. Kjellaren var opphavleg mjølkeflør. Forvaltar vil nødig gje rom for ein ny praksis der ein innreier kjellar under sela, då dette vil bryte med tradisjonell bruk og byggeskikk på stølsområda våre. Forvaltar meiner styret her må vurdere å setje krav om retting ved å blende att vindaugen med stein, sjå også punkt om grunnmur under.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på at søkjer får avslag på å behalde vindauge i kjellar.

Grunnmur under stølsbua.

I den opphavlege byggesøknaden og påfølgjande løyve er det ikkje søkt om eller gitt løyve til å setje opp ein ny grunnmur under selet. Styret kan sjå behovet for å etablere ein mur når selet skulle utvidast, men det har ikkje gått fram av søknaden, byggetekningar, høyringsinnspel, eller løyvet at grunnmuren skulle utvidast. Forvaltar legg til grunn at alle



vurderingar av byggesøknad i si tid var at selet skulle framstå som byggetekningane viser, og såleis vere med ein mykje lågare mur i naturstein. Søkjar opplyser per telefon 21.11.2022 at planen er å bruke dei resterande steinmassane til å blende att betongmuren på framsida og vestsida av selet på same måte som det er gjort aust for selet. Planen var å dekke betongmuren opp til høgda av vindauge og bruke fasadestein i naturstein limt på muren frå vindaugshøgd til kledning. Slik vil inntrykket av muren bli mindre. Søkjar opplyser at kjellaren skal kunne nyttast til å ta inn sjuke storfe om dei vert skada og sjuke i utmarka og viser til krav frå Mattilsynet om å ha skjul til sjuke dyr.

Forvaltar meiner høgde og utforming av muren, med vindauge og dør er eit brot på løyvet gitt etter verneforskrifta. Tek vi utgangspunkt i teikningane, er det ein vesentleg lågare mur som er teikna inn, sjølv om desse korkje er omtalt eller oppmålt på nokon måte. Om det hadde vorte søkt om å setje opp ein grunnmur i samband med byggesøknaden, ville det mest truleg vore stilt krav til høgde og utforming av sjølve muren. For å vere mest mogleg i tråd med tradisjonell byggeskikk bør muren ikkje gå over bakkenivå og framstå som oppført i naturstein. Forvaltar er usikker på om å legge Stein utanpå muren vil oppnå det same inntrykket. Styret har gitt signal om at dei ønskjer å få selet heilt ned på bakkenivå, og såleis seinke høgda på grunnmuren. Ein høg ringmur slik det er i dag bryt med tradisjonell byggeskikk. Difor meiner forvaltar at tiltaket bør rettast ved å fjerne den øvste halve meteren på den støypte muren og blende resterande synleg betong på sørsida og vestsida av selet med naturstein.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på å gje avslag på ringmuren slik han framstår i dag.

Steinhaus

Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til steintipp. Dette er brot på vernereglane i § 3. SNO har stilt spørsmål ved om steinane her er tilførte eller frå plassen. I følgje søker er steinmassane her grave ut frå den gamle stølstromta. Steinmassane har søker tenkt å bruke til å mure framom betongmuren på framsida av selet og på vestsida av selet. Forvaltar meiner at det er sannsynleg at søker hadde fått løyve til å mellombels lagre Stein i byggeperioden om det hadde vore søkt om å grave ut tomt, lage ein mellombels steintipp og bruke massane i grunnmuren i byggesøknaden. Det er lite truleg at det hadde vore gitt løyve til å frakte inn Stein til å ha i murane. Forvaltar kan ikkje sei om steinmassane er tilførte eller frå plassen. Sidan søker her ikkje er ferdig med arbeidet og har ein plan om å nytte steinen til å mure rundt hytta meiner forvaltar at styret kan gje eit mellombels løyve til steintipp for å la søker få tid til å avslutte arbeidet sitt.

Framlegg: Søkjar får løyve til å behalde steintippen mellombels og til å nytte steinen til å blende ringmuren på sør- og vestsida av selet.



Steinmur aust for stølsbua.




På biletet frå stølsbua i 2013 ser ein noko av murane.

Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til å fyke inn stein, etablere ein mur utfor stølshuset, eller steintipp. Dette er brot på vernereglane i § 3. I følgje søkjar er steinmassane her grave ut frå den gamle stølstomta. Det var spor av ein gammal oppmurt platting aust for selet ved synfaring i 2013. Noverande mur er over to meter høg i framkant og over sju meter på det breiaste. Tiltaket bør rettast, slik at muren framstår meir som i 2013.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på eit avslag til muren slik han framstår i dag og at søker må komme med ein detaljert plan med teikningar/bilete som viser korleis muren skal tilbakeførast. Tilbakeføring må gjennomførast før 30.09.2023

Inngangsdør

Ny stølsbu – måltall:



Det er teikna ei dør i ståande panel



utan vindauge

Byggetekningane viser ei dør utan vindauge og med kledning. Styret meiner døra må vere som søkt og i ein farge og material som samsvarar med resten av stølshuset.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på at søker får avslag på å behalde døra og at løyve kjem med vilkår om at døra skal endrast slik at ho framstår som på byggetekningane, med ståande kledning og utan vindauge. Døra skal vere beisa mørk brun eller i same farge som kledning.

Kjellardør

Byggetekningane viser ei enkel, låg dør. På bileta er det ei kvitlakkert dobbel dør. Søker opplyser om at døra er i lakkert pvc og var feilfarga frå fabrikken. Det er planar om å male døra grå. Søker opplyser i byggetekningane er det teikna inn ei dør i ståande bord, med ei vesentleg lågare høgd og breidd enn slik den framstår i dag. Dette er ikkje i tråd med byggeløyvet. Tiltaket bør rettast.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på å avslå søknad om å behalde døra. Døra skal byttast ut med ei lågare dør tilpassa ny høgde på ringmur og ha stående kledning og anten beisa i mørk brun farge eller same farge som kledning.

Konklusjon:

Slik forvaltar ser saka er det fleire grove brot på vernereglane og byggeløyvet som vart gitt i 2014. Det er aktuelt å krevje retting av fleire av brota på løyvet som er gitt, og styret bør vurdere om nokre av tiltaka skal anmeldast. Ved å rette og tilbakeføre delar av dei ulovlege tiltaka vil påverknaden på verneverdiane og samla belasting verte minimerte.

Einar Riise
Sandvin
5750 Odda

SAKSHANDSAMAR: MAGNHILD BERGE

ARKIVKODE: 2013/9764 - 432.3

DATO: 24.04.2014

Vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Odda – gnr. 49 bnr. 5 – søknad om oppføring av naust og tilbygg til stølshus i Vierdal

Sender vedlagt saksprotokoll med saksframlegg i sak 7/14.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Klima- og miljødepartementet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Klaga skal sendast nasjonalparkstyret, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Synnøve Solbakken
Styreleiar

Magnhild Berge
Nasjonalparkforvaltar

Brevet er elektronisk signert.

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Odda kommune	Opheimgata 31	5750	Odda
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Statens Naturompsyn, Rosendal	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM

Arkivsaksnr: 2013/9764-0

Sakshandsamar: Magnhild Berge

Dato: 26.03.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	7/14	07.04.2014

Saksframlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Gnr 49 bnr 5 - Oppføring av naust og tilbygg til stølshus

Innstilling frå forvaltar:

Einar Riise får løyve til oppføring av tilbygg på stølshus på gnr. 49 bnr. 5 i Vierdal, innafor Folgefonna nasjonalpark, Odda. Løyvet er gitt med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3. punkt 1.3.a. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Tilbygg og restaurering av selet skal vera i tråd med innsendt søknad datert 20.12.2013.
- Byggeavfall skal fjernast frå området når arbeidet er avslutta.

Einar Riise får avslag på søknad om oppføring av naust ved Vierdalsvatnet, innafor Folgefonna nasjonalpark, Odda. Avslaget er gitt med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 1.1.

Vi gjer merksam på at søknaden også skal handsamast etter plan- og bygningslova. Kontakt Odda kommune om dette.

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 07.04.2014

Handsaming i møte:

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

Vedtak:

Einar Riise får løyve til oppføring av tilbygg på stølshus på gnr. 49 bnr. 5 i Vierdal, innafor Folgefonna nasjonalpark, Odda. Løyvet er gitt med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3. punkt 1.3.a. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Tilbygg og restaurering av selet skal vera i tråd med innsendt søknad datert 20.12.2013.
- Byggeavfall skal fjernast frå området når arbeidet er avslutta.

Einar Riise får avslag på søknad om oppføring av naust ved Vierdalsvatnet, innafor Folgefonna nasjonalpark, Odda. Avslaget er gitt med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 1.1.

Vi gjer merksam på at byggesøknaden skal handsamast av Odda kommune etter plan- og bygningslova.

Samrøystes vedteke.

Saksopplysningar:

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til å setje opp naust og oppføring av tilbygg å stølshus på gnr. 49 bnr. 5, Vierdal. Datert 15.07.2013.
- Teikningar og grunngjeving av behov for tiltaka. Datert 20.12.2013.
- Fråsegn frå Hordaland Fylkeskommune. Datert 18.03.2014

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark av 29. april 2005
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark av 24.11.2010

Einar Riise søker om løyve til å setja opp naust og oppføring av tilbygg på stølshus på gnr. 49 bnr. 5 i Vierdal, Odda kommune.

Stølen Vierdal ligg ved Vierdalsvatnet (Viervatnet) inne i Folgefonna nasjonalpark. Det er i dag 7 hus på stølen. Det er ingen naust ved Vierdalsvatnet.

Søknad om tilbygg til stølshus:

Søkjar ynskjer å ruste opp og utvide stølshuset sitt. Selet er i svært dårlig forfatning og er ikkje råd å bu i slik det står i dag. Grunnmuren sig innover, dagsljoset står inn gjennom veggen og golv. Søkjar opplyser at han har rundt 220 sauar på beite i området om sommaren.

Eksakt alder på selet er ikkje kjend men ein veit at eit av stølshusa på stølen vart sett opp i 1928, og fylkeskommunen meiner at selet truleg er frå perioden 1920-1925. Før søkjar overtok selet var deler av bygget fjerna, grunnflata før riving var ca. 25 m². Ein del av bygget var lågare. I dag er selet omkring 12.5 m², buareal på 6.5 m². Nytt stølshus vil verte 32 m², får 7 m² større grunnflate og vert 1,6 m lengre.



Det er tenkt nytta 20 cm breie bord, ufalsa til kledning. Yttertaket er tenkt brukt på nytt så langt som råd. 6 av dei 7 stølshusa på stølen har stålplatetekking. Glasa vert som vist på teikning. Sjå vedlegg.

Forvaltaren og Statens naturoppsyn var på synfaring saman med søker hausten 2013.

Hordaland Fylkeskommune har som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern vurdert søknaden og teikningar av tilbygget, som i praksis er ei ombygging og utviding av stølshuset, og meiner byggetiltaket er tilpassa byggeskikken med nøktern utforming og detaljering plassert på den eksisterande muren.

Søknad om naust:

Søkjær opplyser at han har hatt båt i Vierdal i alle dei åra han har drive gardsbruk. Han skriv at for å halde fisketalet og størrelse i orden, er det påkrevd å ta ut mykje fisk med garn. Dette kjem av at gyteforholda er svært gode. Søkjær meiner at forvaltninga av fiskevatna er noko som er lovpåkrevd. Han har til no vinterlagra båten i floren til ein nabo på stølen, men meiner dette er tungvint løysing sidan det er lang frå vatnet. Båten kan ikkje liggja ute då der ligg mykje snø i området om vinteren. Fisket utgjer ikkje noko stor inntekt for søkjær, men han meiner at dette saman med jakt og friluftsaktivitet har stor verdi.

Naustet har eit planlagt bebygd areal på 14,4 m². For teikningar sjå vedlegg.

Fylkeskommunen har ikkje noko å utsetje på teikningane til naustet, men stiller seg meir kritisk til eit slikt nybygg.

Lovgrunnlag:

Saka gjeld tiltak i Folgefonna nasjonalpark og skal difor vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*.

I følgje verneforskrifta § 3 punkt 1.1 er området verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting og ombygging av bygningar,...

Men verneforskrifta § 3 punkt 1.3 opnar for at styret kan gje løyve til:

- a) Ombygging og utviding av bygningar.
- c) Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

I følje forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark skal det ved handsaming av søknader som gjeld tiltak på bygningar som fører til endring i utsjånad, form og storleik (jf. punkt 1.3.a i verneforskrifta), leggjast stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane. Det er også viktig at behovet for eventuelle endringar vert gjort godt synleg.

I alle saker som gjeld søknader om tiltak etter vernereglane pkt. 1.3.a, b, c, d og i, skal fylkeskommunen ha sakene til fråsegn og elles gje råd og rettleiing om tradisjonell byggjeskikk.

Det er ikkje heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark til å gje løyve til oppsetjing av naust i nasjonalparken. Ein må difor vurdere om ein skal nyta § 48 i naturmangfaldlova som seier at styret kan

gjera unntak frå eit vernevedtak dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering etter naturmangfaldlova og verneforskrifta:

Folgefonna nasjonalpark er i utgangspunktet verna mot ombygging og oppsetting av bygningar, men det er opna for at styret kan gje løyve til ombygging og utviding av bygningar, og oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdynamæring. Søkjær ynskjer å ruste opp selet sitt i Vierdal, og utvide det. Selet er ikkje råd å bu i slik det står i dag. Søkjær driv husdynamæring og har beitedyr i området om sommaren. Søkjær ynskjer også å setja opp naust ved Viervatnet, kor det ikkje finst naust frå før.

Vierdalsvatnet er ikkje av ein slik størrelse at ein kan å drive næringsfiske.

Naturmangfaldlova §§ 8-12:

Det er søkt om to tiltak, det eine er påbygg på eksisterande sel, det andre er eit naust som er ynskt sett opp nede ved vatnet. Naustet er tenkt sett opp på ein plass kor det ikkje er registrert raudlisteartar (Artskart 20.03.14) eller registrert utvalde naturtypar jf. Naturbase. Ein har ikkje tenkt å nytta torv frå området til taket verken på naust eller sel. Tiltaka i seg sjølv vil ikkje ha negative konsekvensar for naturmangfaldet i området. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 i naturmangfaldlova er vurdert som god for å behandla saka, og føre-var prinsippet i § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saksvurderinga.

Ved vurdering av samla belasting jf. § 10, så må ein sjå på kva konsekvensar desse tiltaka har på økosystemet samla sett, i dag og i framtida. Søkjær driv husdynamæring og slik selet ser ut i dag så er det ikkje mulig å nytta bygget i samband med tilsyn med dyr. Bygget er ynskt utvida slik at det kan imøtekoma dagens behov. Det er snakk om å utføre tiltak på allereie eksisterande bygning og vil ikkje føre til ein auke i tal på bygg i området. Det er positivt at ein ynskjer å taka vare på bygningane på stølane, spesielt i samband med husdynamæring.

Det skal førast ein restriktiv politikk når det gjeld nybygg i nasjonalparken. Å opne for gje løyve til å setja opp naust i samband med hobby/rekreasjonsfiske meiner forvaltaren vil skape presedens for liknande saker i framtida, både i verneområda på Folgefonnahalvøya og andre område. At det heller ikkje er naust ved dette vatnet frå før bør vektleggjast i vurderinga.

Forvaltninga skal også vurdera byggemetode og lokalisering jf. § 12 i naturmangfaldlova. Når det gjeld tilbygget til selet, så har fylkeskommunen som kulturminnemyndighet vurdert teikningane og meiner at bygget er godt tilpassa tradisjonell byggeskikk i området. Dei hadde heller ikkje noko å utsetje på teikningane til naustet. Når det gjeld plassering av naustet så har ein tenkt seg to mulige løysingar, begge plasseringane har forvaltaren vurdert å vera akseptable med tanke på tilpassing i landskapet.




§ 11 i naturmangfaldlova er ikkje vurdert som relevant i denne saka.

Konklusjon:

Verneforskrifta opnar for å kunne gje løyve til ombygging og utviding av bygningar i nasjonalparken. Det er eit vilkår at *ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet*.




Forvaltaren meiner desse krava er oppfylt. At søkjar driv landbruksnæring og har dyr på beite i området viser også eit behov for tiltaket. Forvaltaren innstiller på dette grunnlaget for å gje løyve til tilbygg på selet på gnr. 49 bnr.5 i Vierdal.

Ut frå vurderinga om at opning for løyve til naust i nasjonalparken kan skape presedens for andre tilsvarande saker, vurderer forvaltar at den samla belastinga på dette og andre område kan verta stor, og det vil vera i strid verneverdiane og med verneføremålet om å taka vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, jf. naturmangfaldlova § 48. Vilkåra for å gje dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova er då ikkje oppfylt. Forvaltar innstiller difor på eit avslag på søknad om naust i Vierdal.



Mål 1:100 | ENDRING AV STØLSHÙS
GNR 29 BNR 5. T. VIERDAL.
EINHR RIISE
SHNOVIN 5750 ODDA.

19-3-2013. Teg. *[Signature]*



MÅL 1:50	EINAR RISSE
ENR 49	SNR 5
SANDVINSTØLEN	
VIERDAL	
OPPFØRING AV NÅST.	
ANSVAR TEKNIS. Byggm. Stig J. Østli	
19-3-2013	



ODDA KOMMUNE



Hardanger



Fylkesmannen i Hordaland

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2013000906-2 Saksh: Stein Røneid
Journalpostid: 2013012470 Telefon: 53 65 46 78 Arkivkode
49/5 Dato:
15.07.2013

Vierdal, gnr. 49 bnr. 5 Odda kommune. Søknad om oppføring av naust og tilbygg til stølshus.

Vi har motteke søknad om oppføring av naust og oppføring av tilbygg til stølshus på gnr. 49 bnr. 5 i Odda kommune. Tiltaket ligg i Folgefonna nasjonalpark og vi ber difor Folgefonna nasjonalparkstyret fatte vedtak etter § 3.1.2 ombygging og utviding av bygning og om oppføring av ny bygning.

Venleg helsing
For Teknisk forvaltning

Jostein Eitrheim
Teknisk sjef

Stein Røneid
avdelingsingeniør

Kopi til:
Einar Riise Sandvin 5750 ODDA

Vedlegg: Søknaden

Eit levande kraftsenter

Teknisk forvaltning	Org.nr:	964 967 814	Telefon:	53 65 40 00
Telefaks: 53 65 46 01	Bankgiro:	3201.50.24584	Telefaks:	53 65 40 51
Opheimsgata 31	Innbetaling	6345.06.12288	Epost:	epost@odda.kommune.no
5750 ODDA	skatt:			

Søknad om tiltak utan ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven § 20-2

Oppfyljast villkåra før 3 vekers sakshandsaming, jf. § 21-7 andre ledd? Ja Nei

- tiltaket er i samsvar med arealplanar, plan- og bygningsloven med forskrifter
- ikke naudsynt med løye/samtykke/utsegn frå anna myndighet

Dersom det ligg føre merknader frå naboer eller tverrbuar, må løye frå kommunen ligg føre før tiltaket igangsetjast.

Opplysningar gjeve i søknad eller vedlegg til søknad vert registrert i matrikkelen.

11 JUL 2013

Ark.kode Bsg 49/5

Avdeling Saksbeh. SRO

Omfattar tiltaket eksisterande Gradering Ja Nei

el. 13/12404 Dersom ja, skal samtykke innlemast frå Arbeidstilsynet før igangsetjing av tiltaket. Byggjblankett 5177 med vedlegg.

Har tiltaket samband med byggverk bygd før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? Ja Nei

Dersom ja, skal utsegn frå fylkeskommunen ligg føre før tiltaket igangsetjast.

Søknaden gjeld

Eigedom/ byggjestad	Gnr. 49 Bnr. 5 Festenr. Seksjonsnr. Bygningsnr. Bustadnr. Kommune ODDA-	
	Adresse VIERDAL / SANDVIK.	Postnr. 5750 Poststad ODDA.
Tiltaket sin art	Mindre tiltak på bygd eigedom, pbl § 20-2 bokstav a) og SAK10 § 3-1 <input checked="" type="checkbox"/> Tilbygg < 50 m ² <input checked="" type="checkbox"/> Frittliggjande bygning (ikkje bustadføremål) < 70 m ² <input type="checkbox"/> Antennesystem <input type="checkbox"/> Skilt/reklame <input checked="" type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 kvm, jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2 <input type="checkbox"/> Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg, pbl § 20-2 bokstav c) (som ikke skal plasserast før lengre tidsrom enn 2 år) <input type="checkbox"/> Bruksendring (frå tilleggsdel til hovuddel og motsett innanfor ein brukseining) Planlagt bruk/føremål Beskriv NAUST OG UTVIDELSE AV EKSISTERANDE SJØLSHUS.	

Førehandskonferanse

Pbl § 21-1 Førehandskonferanse er gjennomført Ja Nei

Dispensasjonsøknad og fråvik frå TEK

Pbl Kap. 19	Det søker dispensasjon frå reglane i: (grunnjeving for dispensasjon gjevest på eige ark)	Kommunale vedtekter/ forskrifter til pbl	Arealplanar	Vegloven	Vedlegg nr. B -
Pbl § 31-2	Det søker om fråvik frå TEK for eksisterande byggverk (pbl § 31-2)	Utgreiing i eige vedlegg			Vedlegg nr. B -

Arealdisponering

Planstatus mv.	Sett kryss før gjeldande plan	<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Busetnadsplan	
	Namn på plan				
	Reguleringsløremål i arealdel av kommuneplan/reguleringsplan/busetnadsplan - beskriv				
Tomtearealet	Vel aktuell kolonne iht. reknerregel angjeve i gjeldande plan*				
	%-BYA	BYA	%-BRA / %-TU	BRA	U-grad
	%	m ²	%	m ²	
	a. Grad av utnytting iht. gjeldande plan				
	b. Byggjoråde/grunneigedom**	m ²		m ²	
	c. Ev. areal som trekkjast frå iht.reknereglar	m ²		m ²	
d. Ev. areal som leggjast til iht. Reknereglar				+ m ²	
e. Berekna tomteareal (b - c) eller (b + d)	= m ²		= m ²	= m ²	
Grad av utnytting	Arealnevning	m ² BYA	m ² BYA	m ² BRA	m ² BRA
	f. Berekna maks. byggjearal iht. plan (jf. a. og e.)	m ²	m ²	m ²	m ²
	g. Areal eksisterande busetnad	m ²	m ²	m ²	m ²
	h. Areal ny busetnad	+ m ²	+ m ²	+ m ²	+ m ²
	i. Parkeringsareal	+ m ²	+ m ²	+ m ²	+ m ²
	j. Sum areal	= m ²	= m ²	= m ²	= m ²
	Berekna grad av utnytting (jf. e. og j.)***	%	m ²	%	m ²
	* Skal berekning av utnyttingsgrad skje etter anna regel, beskriv nærmere				Vedlegg nr. Q -
** Dersom areal i rad b ikkje er framkommen av målebrev, beskriv nærmere				Vedlegg nr. Q -	
*** Syn ev. underlag før berekninga av grad av utnytting i vedlegg				Vedlegg nr. Q -	
Tilleggsopplysningar om areal på ny busetnad					
Skjer berekninga over i m ² BRA, oppgi øg: Bebygd areal: 14,4 m ² BYA	Skjer berekninga over i m ² BYA oppgi øg: Bruksareal: m ² BRA				
Er berekninga gjennomførd i m ² BTA, oppgi både bebygd areal og bruksareal.					

Arealdisponering (forts.)				
Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftline vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med berørt rettighetsbrev vere dokumentert			
	Kan vass- og avlaupsledninger vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med berørt rettighetsbrev vere dokumentert			

Tilknyting til veg og leidningsnett						
Tilkomst vegloven §§ 40-43 pbl § 27-4	Gjev tiltaket ny/endra tilkomst?	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeid og open før allmenn ferdsel:				
	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg	Er avkjøringsløye gjeven?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/> Kommunal veg	Er avkjøringsløye gjeven?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Vass- forsyning pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknyting i forhold til tomta	<input type="checkbox"/> Privat vassverk	Beskriv			
	<input type="checkbox"/> Offentleg vassverk	<input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vann				Vedlegg nr. Q -
	<input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikke innlagt vann	Dersom vassstiforset krev tilknyting til anna privat leidning eller krysser annans grunn, ligg det føre rettighet ved tinglyst erklæring?			<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Avlaup pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknyting i forhold til tomta					
	<input type="checkbox"/> Offentleg avlaupsanlegg	<input type="checkbox"/> Privat avlaupsanlegg	Skal det installeras vassklosett?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> Ligg det føre utslippløye?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Dersom avlaupsanlegg krev tilknyting til anna privat leidning eller krysser annans grunn, ligg det føre rettighet ved tinglyst erklæring?	
Overvatn	Takvatn/overvatn først til:	<input type="checkbox"/> Avlaupssystem	<input checked="" type="checkbox"/> Terrenge			

Vedlegg				
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant	
Dispensasjonssøknader	B	-	<input type="checkbox"/>	
Nabovarsling (gjenpart/nabomerknadar/ kommentarar til nabomerknadar)	C	-	<input type="checkbox"/>	
Situasjonsplan/avkjørsleplan	D	-	<input type="checkbox"/>	
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	-	<input type="checkbox"/>	
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	-	<input type="checkbox"/>	
Utsegn/vedtak frå anna offentleg myndigkeit	I	-	<input type="checkbox"/>	
Anna vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>	

Erklæring og underskrift				
Tiltakshavar				
Tiltakshavar pliktar å la tiltaket verte gjennomført i samhøve med plan- og bygningsloven (pbl) og byggteknisk forskrift				
Namn	EINAR Riise.	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon	97558603.
Adresse	SANDVIN.	Postnr.	Poststad	ODDA.
Dato	Underskrift	E-post		
	8.7.13 Einar Riise		einar.risse@odda.kommune.no	
Gjentakast med blokkbokstavar	EINAR Riise.	Eventuell organisasjonsnr.		



Vierdalen
12.07.2013
Målestokk 1:5000



Folgefonna Nasjonalparkstyre
v/ Astrid Bakke Haavik
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Dykkar ref. 2022/11690-0 432.3

Svar på førespurnad vedr. restaurering av Stølshus i Vierdal.

I brev av 21.10.2022 ber Folgefonna nasjonalparkstyre om tilbakemelding på spørsmål SNO har stilt i rapport etter befaring i Vierdal.

Steinmassar: Stein som ligg framfor stølshuset skal tilbakeførast som vist på teikning.

Ekstra vindu i gavl: Det er ein glipp at vinduet ikkje er med på teikning. Vil vise til Holmaskjærhytta som er teikna av far min, og som eg var med å byggje. Hytta på Holmaskjær har vindu i begge gavlane. Dette for rømmingsveg. Eg har valt same løysing. Rømmingsvindu er eit krav som følgjer direkte av TEK 10 kapittel 11 og er ikkje avhengig av at kommunen stiller krav om rømmingsvindu som vilkår for løyve til tiltak.

Ekstra vindu i kjeller: Her var det vindu før restaurering. Vinduet var tidlegare teke vekk og kledd over. Dessverre er ikkje dette ført på dei nye teikningane. Kjellar utan lys er lite triveleg.

Solcellepanel i gavl og fasade: Etter vårt skjønn er ikkje dette ei stor fasadeendring. Ser vi for oss ein mørkbeisa vegg ville panelet vist mindre igjen. Vi har valt ein dus grå farge tilpassa og meir lik dei gamle stølsbygningane. Det er krav til tilsyn og stell av dyr når dei beitar i fjellet, og ein er til støls fleire gonger i veka i denne perioden. Det er då behov for straum til ladning av mobiltelefon, tankeradio, GPS sporing via satellitt, lys, kjøleskap mm. Som vist på foto er det montert solcellepanel på både sør og østvegg. Det er høge fjell i området, og det er ikkje kvar dag sola skin. Det krevs difor panel på to vegger for å utnytte sollyset maksimalt, og oppnå tilstrekkeleg kapasitet på batteripakke slik at det er nok straum ved behov. Dette er utprøvd. Vil igjen vise til at Holmaskjær og Sauabrehytta i fjellet her har solcellepanel. Når 6-8 personar deltek under innsanking over tid, ser ein fort behovet for sikker straum.

Takstein: På yttertaket er det montert takplater med ru overflate. Taket hadde tidlegare svarte plater. Desse platene gav tidvis glinsing i sollys. Likeeins «knestelyd» ved ekspansjon. Kan elles nemna at stølshuset ved sida har same type takplater.

Stølsbygg yttermål: Bygningens bredde og lengde er lik teikninga si målsetting. Mønehøgda er redusert med ca. 0,11 meter. Den opprinnelege grunnflata var større, med større kjellar. Som følgje av dette er arealet inne mindre samanlikna med det gamle stølshuset.

Kontainer: Kontaineren inneholder mindre byggemateriell som verktøy, straumaggregat og drivstoff til maskin som må nyttast ved tilbakeføring av steinmur. Kontaineren vil bli fjerna av helikopter med tilstrekkeleg løftekapasitet så snart eg er ferdig med tilbakeføring av steinmur. Pellets, salt og utstyr for dyra er også inntil vidare lagra i kontaineren.

Heilt siden starten av prosjektet med å restaurere stølshuset i Vierdal har det vore utfordringar. Eg har fått avslag på søknader, vorte motarbeidda av offentlege instanser, har utført justeringar av teikningar med meir. Det var ein lang og tung prosess å få godkjenning for restaureringa. Eg vil seie at avvika frå tegninga til korleis stølshuset framstår er små og ubetydelege. Eg er no einaste bonden som fortsatt har dyr på beite på stølsvollen. I alt slepp eg mellom 250-300 dyr her kvart år. Nabobøndene har vald å leggje ned eller har redusert talet på dyr til svært få. Dei få dyra naboane har beitar heller ikkje så langt inn i fjellet lenger. Eg har framleis eit sterkt ynskje om å fortsette med husdyrhald. For å kunne drifta og vareta dyra forsvarleg etter dagens standard har eg vald å restaurere stølshuset i Vierdal. Dette for å kunne ha ein «base» langt inn i fjellet både ved tilsyn og sinking. Dei som ser etter dyra skal også ha visse vilkår oppfylgd. Eg har difor mellom anna vald solcelle som gir ei sikker kjelde til straum til det mest naudsynte når folk skal vera her. Å føla at ein heile tida blir motarbeid av system, byråkrati, og offentlege instansar er krevjande. Synest kanskje derfor at ein ikkje skal «hengja seg opp i» mindre avvik frå teikninga men heller sette pris på at eg ynskjer å fortsette med husdyrhald og framleis ha dyr på beite i fjellet og varetak ein kulturarv. I tillegg til min eigen gard forpaktar eg 5 andre. Eg har stor interesse og lidenskap for fjellet og ynskjer at det skal være så urørt som mogeleg. Like så forhalde og innretta meg til de lover og reglar som gjeld. Gleda med å drive med husdyr forsvinn derimot dersom en heile tida må «forsvara» naudsynte forbedringar og kjempe mot byråkratiet som heile tida «leitar» etter noko «å ta deg på». Om beitinga opphører vil kulturlandskapet forfalla. Vegane og stiar i området vil gro igjen.

Sandvin, 07.11.2022

Med vennleg helsing

Einar Riise



Arkivsaksnr: 2022/107-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 25.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	45/22	02.12.2022

Søknad om midlar til drift, planar og kartlegging - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2023

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek driftsbudsjett for 2023 og forvaltar sender budsjettforslaget til Miljødirektoratet. Styret vedtok plan for kartleggingar, forvaltingsplan og bevaringsmål og sender søknad til Miljødirektoratet.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet nyttar eit elektronisk søknadssenter til innmelding av behov for driftsmidlar, tiltaksmidlar og midlar til kartlegging og planarbeid for nasjonalparkstyra. Fristen for å melde inn er 10. januar 2023 og forvaltar melder inn på bakgrunn av budsjett og planar vedteke av nasjonalparkstyret.

Driftsmiddel til verneområdestyre

Forslag til driftsbudsjett for 2023 er vist under. Utrekningane er basert på ein møteplan og Statens Personalhandbok sine satsar for godt gjersle for statleg oppnemnte utval.

Driftsutgifter for utvala	
Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre	59 144
Reiseutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	23 338
Møteutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	40 000
Sum Folgefonna nasjonalparkstyre	122 482
Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000

Nasjonalpark Folgefonna Nasjonalpark

Landskapsvernområde Hattebergsdalen

Ænesdalen

Bondhusdalen

Buer

Naturreservat

Langebudaalen



Møtekostnader rådgjevande utval	5 000
Sum Rådgjevande utval	11 000
Møtekostnader revidering av forvaltningsplan	30 000
Sum driftsutgifter	163 482

Forvaltingsplan og bevaringsmål

Miljødirektoratet opplyser om at nye forvaltingsplanar skal utarbeidast i eit nettbasert system. Direktoratet ber også forvaltingsmynda om å etablere bevaringsmål for minst tre tiltak (t.d. framande artar, skjøtsel av naturtyper og liknande) i samråd med SNO. Målet med bevaringsmåla er å betre eller opprethalde ein god naturtilstand.

Utgifter i samband med plan- og informasjonsarbeid

Kulturminnekartlegging	100 000	Forankra i forvaltningsplanen. Naudsynt i samband med revidering.
Revidering av forvaltningsplan, personalressursar	1 000 000	Til en ekstra personalressurs. Avklart med Miljødirektoratet
Kartlegging av stolar og stølsvollar	200 000	Forankra i forvaltningsplanen. Lagar eit levande dokument over alle stølsmiljø og verneverdiar knytt til dei. Naudsynt i samband med revidering.
Kartlegging og sårbarhetsvurdering av kvartærgеologiske førekomstar	100 000	Forankra i forvaltningsplanen. Naudsynt i samband med revidering.
Kvalitetssikring av besökssretta nettside	20 000	Vedlikehald av tekniske og utdaterte element på nettsida.
Vedlikehald av besøksretta nettsider	100 000	Oppdatering av fagleg innhald i tråd med kommunikasjonsplan og besøksstrategi. Produksjon av nytt innhald. Omsetjing av nye sider til engelsk og tysk.

Ferdselsteljarar

Miljødirektoratet har ein samla pott på ferdselsteljarar for alle verneområda i landet. Behov for ferdselsteljingar meldast inn og teljarar vert fordelt i landet etter behov til lokalt SNO. Forvaltar legg fram forslag om å søkje om teljarar til desse lokalitetane:



Kor	Skildring	Stk
Ænesdalen	Det er over ti år sidan siste måling i Ænesdalen og vi har lite oversikt	2
Botsvatn-Reisete	Det er på tide å telje besökande her på nytt, siste teljing var i 2016 og det er gjennomført vedlikehald på stien sumaren 2022. Det har vore usedvanlig høgt trykk på andre turar i Sørfjorden sommaren 2020 og 2021.	2
Møsevatnet	<p>Stien inn til Svelgabreen er skilta og merka og mykje brukt etter kva vi kan sjå på sosiale medier og STRAVA-kart. Det er behov for ein teljar her for å sjå om besökstala er på eit nivå som krev betre tilrettelegging og meir behov for sikringstiltak ved Svelgabreen.</p> <p>Vegen opp til Møsevatnet er drifta av SKL og det er mykje besök her i sommarhalvåret. Veldig liten p-plass som treng plass til besök, kommersiell aktivitet og oppsyn med kraftanlegget. Har behov for ein bilteljar her. Kan vere meir aktuelt at kommunen/SKL samarbeider om å overvake besøkstrykk her.</p>	2 personteljarar og 1 bilteljar



Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	46/22	02.12.2022

Søknad om tiltaksmidlar for 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtar framlegg til søknad om tiltaksmiddel. Forvaltar sørger for å søkje i rette kanalar før fristen 10. januar 2023

Saksopplysningar

- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
 - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og SNO-ressurser i verneområder – 2022

Miljødirektoratet sine rammer for forvaltning av verneområde

Det overordna målet for tiltaksmidlane er at dei skal nyttast slik at naturtilstanden i verneområda vert opprethalde eller betra. Tiltak som betrar tilstanden vert prioritert i tildeling av tiltaksmidler, jf retningslinjer frå miljødirektoratet «*Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder*».

Ved fordeling av midler til skjøtsel og besøksforvaltning skal tiltaka som gjer størst positiv effekt på tilstanden og som direkte bidreg til å motvirke negativ påverknad prioritertast.

Miljødirektoratet har sett opp denne lista for prioritering av tiltaksmidler (sjå vedlegg):

«Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:

1. *Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet*
 2. *Løpende skjøtselstiltak*
 3. *Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
 4. *Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*



-
5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
 6. *Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)».*

Nytt av året er at Miljødirektoratet arbeider med ei finansieringsløysing som også kan fange opp tiltak der det er behov for vedlikehald og løpende drift. Forvaltar viser til epost sendt fra Miljødirektoratet 10.11.2022:

«Post 1420.31 er også økt med 4 mill kr i tiltaksmidler som er tenkt brukt til tiltak for å håndtere økt besøk, herunder midler til vedlikehold, fornying mv. av infrastrukturtiltak i nasjonalparkene.

Miljødirektoratet vil trolig også få i oppdrag å foreslå en ordning for fast fordeling av grunnstøtte til nasjonalpark- og verneområdestyrer for vedlikehold av infrastruktur, informasjonsarbeid mv, men som også skal kunne dekke den type driftsoppgaver som det er problematisk å kunne dekke innenfor dagens budsjettrammer. Dette er en ordning som, dersom den blir innført, vil gjøre det unødvendig å søke om denne type utgifter fra år til år. Vi ber derfor om at dere presiserer hva dere har av denne type årlige kostnader i søknadene om midler på post 1420.31 for 2023»

Rammer i planar

Tiltaka skal vere forankra i forvaltningsplan eller besøksstrategi for området.

Forvaltningsplanen frå 2011 viser til oppfølgjande tiltak som forvaltningsstyresmakta skal følgje opp i planperioden. Revidering av forvaltningsplanen er i oppstart, men det er ein del kartleggingstiltak og skjøtselstiltak som ikkje er gjennomførte enno.

Prioritering av tiltak

Retningslinjene frå miljødirektoratet (sjå vedlegg) viser til at direkte trugsmål som til dømes spreiing av framande artar skal prioriterast, i tillegg til pågående skjøtselstiltak og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging.

Tiltak vs. drift, planarbeid og informasjonstiltak

Nasjonalparkstyret søker om midlar til si verksemd over to ulike postar i Statsbudsjettet. For behov for midlar til drift, planarbeid og informasjonstiltak så vert det laga ein eigen sak med framlegg til budsjett for neste år.

Tiltak for 2023

Rydding av frøspreidd gran i nasjonalparken i Håedal i Ullensvang	pågående avtale med grunneigar	30 000
---	--------------------------------	--------



Fjerne granfelt og enkelttre av gran ved sørenden av Bondhusvatnet	200 000
Rydding av nedraste steinar langs Bondhusvatnet	40 000
Opprusting av sti fra Pyttelva til Nyasætre i Bondhusdalen	Sjå nærmere forklaring i prosjektskildring
Løpende vedlikehald av stinett og innfallsportar	300 000 100 000

Elles bør ein bruke 2023 på å:

- Skaffe grunneigaravtaler for å kunne drive hogst av framande bartre i verneområda
- Sikre framdrift i avtaler om å oppgradere og setje opp nye informasjonspunkt der det er behov for det (t.d. Møsevatnet, Sommarskisenteret). Samarbeid med kommunar, grunneigarar og andre aktuelle aktørar.
- Skaffe oversikt over kunnskapsgrunnlag for revidering forvaltningsplanen

Oversikt over status på tiltak skissert i forvaltningsplan og besøksstrategi

Forvaltningsplanen frå 2011 peikte ut totalt 34 tiltak totalt som var naudsynte for å halde på verneverdiane og dempe konfliktar mellom bruk og vern i verneområda. Desse er nærmere skildra i vedlegget.

Av desse tiltaka er i dag 20 gjennomførte, 11 ikkje gjennomførte og 3 er forvaltar usikker på kva statusen er. Det er viktig at kartleggingane som er peikt på i forvaltningsplanen for å auke kunnskapsgrunnlaget vert starta opp i revideringsprosessen.

Besøksstrategien frå 2020 skisserer også ein god del tiltak som skal sørge for at vi når måla for besøksforvaltning i verneområda. Det var skissert totalt 31 tiltak, av desse er 15 gjennomførte, 9 er sett i gong og 7 er ikkje starta. Detaljane finn de i vedlegget.

Vedlegg – Oversikt over tiltak i forvaltningsplanen

Område	Tema	Oppfølgjande tiltak	Status 2021
Folgefonna nasjonalpark	Informasjon	Godkjenne bruk av merkevarelogo til bruk i informasjonsmateriell og ymse effektar som vert utarbeidde av nasjonalparksenteret eller andre instansar	BS og kommunikasjonsplan
		Utvikle planar for og strategiar for informasjon av verneområda, som brosjyrar og anna informasjon. Informasjonen må òg vere tilgjengelig på aktuelle framandspråk.	MDIR skal utforme
	Kulturminne/kulturmiljø	Å betre kunneskapen om kulturminne i verneområda	Ikkje gjennomført
		Å utarbeide nærmere retningsliner for kva som kan reknast som tradisjonell byggjeskikk i området	Ikkje gjennomført
		Å ta vare på eit representativt utval av registrerte, høgt prioriterte kulturminne i fjellområda, som representerar lokal byggjeskikk.	Ikkje gjennomført
		Å sikre at om ein skal setje i stand, byggje om, utvide, halde vedlike og skjøtte gamle sel og andre stølshus så vert det gjort med utgangspunkt i opphavleg form og på opphavleg stad.	Ikkje gjennomført
		Å skape interesse hos eigarane for å ta vare på kulturminne på sin eigedom.	Ikkje gjennomført
Jord- og skogbruk		Grunneigarar skal skaffe oversikt over stader der dyr kan gå i skorfeste, som ledd i arbeidet med å setje inn aktuelle førebyggjande tiltak.	Realistisk?
Friluftsliv/reiseliv		Halde oversikt over bruken av området til friluftsliv, organiserte aktivitetar og arrangement. Følgje med i omfanger av nye uteaktivitetar og sjå til at desse ikkje kjem i konflikt med verneføremålet.	BS
		Utarbeide ein plan for merking og opparbeiding av vegar, stigar, bruer og ferdselsvegar. Planen skal òg omtale område som ikkje bør merkjast	BS og FP

Bondhusdalen LVO	Jord- og skogbruk	Arbeide for å kanalisere tilskotsmidlar til landbruksdrift som fremjar vern av kulturlandskapet.	Ikkje gjennomført
		Setje opp og halde ved like gjerde mot trafikkårane innover i dalen.	Utført
		Setje opp gjerdeklyver ved dei mest nytta grindene.	Utført
		Opprette eit veglag som skal stå for drift og vedlikehald av toalettanlegg, parkeringsplass og veg opp til Bondhusvatnet. (Private eigarar, rettshavarar, kraftlag, reiseliv, kommune, nasjonalparksenter m.m.)	Gjennomført
		Rydde skog rundt styvde almetre i liane langs Gardhammarvegen. Tiltaket bør prioriterast når ein høgg ved, alternativt som skjøtselstiltak.	I prosess
		Utarbeide strategi (framgangsmåte og omfang) for skjøtting av gamle styvingstre i liane langs Gardhammarvegen. Tilskotet bør kunne nyttast pedagogisk, ved at oppsyn, forvaltning og dei som eig styvingstre kan tilegne seg kunnskap om dette.	Gjennomført
		Teigane med planta gran og lerk som står slik til at dei ikkje er økonomisk interessante som hogst, bør hoggast som skjøtselstiltak i den grad forvalningsstyresmakta finn dette tilrådeleg innan gjeldande budsjettrammer. På slike areal skal det etter ev. hogst vera naturleg forynging.	Ikkje gjennomført
	Reiseliv/Turisme	Informere turistar og besøkjande i området om landbruksdrift og motorferdsel som kan førekome i samband med dette (kommunen, reiselivet, grunneigarar).	Gjennomført
Ænesdalen LVO	Jord- og skogbruk	Følgje opp innhaldet i utarbeidde skogbruksplanar.	BS
			Usikker på status

		Informere dei aktuelle brukarruppene om landbruksdrifta i området, og eventuell motorferdsel i samband med dette.	BS
		Arbeide for å kanalisere tilskotsmidlar til landbruksdrif som fremjar vern av kulturlandskapet.	Usikker på status
	Reiseliv/ Turisme	Merking av dagens turrutenet etter retningslinene i DNT.	Gjennomført
		Hald oversikt over omfang og type organisert verksemd og prøve å styrke aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad.	BS

Hattebergsdalens LVO	Jord- og skogbruk	Oppnå samordning av og samhandling med offentlege økonomiske ordningar for å sjå til at kvalitetane i kulturlandskapet vert sikra både i landskapsvernområdet og kulturlandskapet knytt til Baroniet.	Ikkje kjente konfliktar i dag.
		Hogga planta gran og lerk når bestandane er hogstmodne, og hindre at desse treslaga spreiser seg utanfor plantefelta.	Ikkje gjennomført
		Gjennomføre ny registrering av edellauvskogen i Markaskorane, i tråd med DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 1999).	Gjennomført
	Friluftsliv og reiseliv/turisme	Dersom oppgraderinga av Muradalen kraftverk skulle føre til at grusvegen inn til kraftverket må utbetraast må det samstundes setjast krav til at bruene over sideelvane til Hattebergselva vert skifta ut og at dei nye vert bygde i ein tradisjonell og meir estetisk tiltalande stil. Utforming må avklåraast med forvalningsstyresmakta.	Ikkje gjennomført
		Langs vestsida av Hattebergselva kan det opparbeidast ny turstig, etter at trasè er avklåra med forvalningsstyresmakta. Ein føresetnad er at turstigen kan nyttast som ei rundløype saman med den eksisterande grusvegen, men det skal ikkje kleggjast opp til turbruk med hest og sykkel.	Ikkje gjennomført
Buer LVO	Jord- og skogbruk	Arbeide for å kanalisere tilskotsmidlar til landbruksdrift som fremjar vern av kulturlandskap.	Ikkje gjennomført

		Setje opp gjerdeklyvarar ved dei mest nyitta grindene.	Ikkje kjente problem her i dag, løyst på andre måtar
Reiseliv/turisme		Informere besøkjande omå ta omsyn til landbruksdrifta i området (beitedyr, bandtvang, grinder som skal latast att osv.)	BS/Skiltplan
		Informere besøkjande om å ta omsyn til landbruksdrifta og motorferdsel som kan førekome i samband med dette.	BS/Skiltplan
		Halde oversikt over omfang og type organisert verksemd og prøve å styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad. Forvalningsstyresmakta skal halde kontroll med større arrangement og organiserte turar som eit førebyggjande tiltak mot slitasje og skade.	BS
		Påtrykk for utbetring/sikring av vegen utanfor verneområdet og arbeide får å få til gode parkeringstilhøve som er skjerma mot landbruksarealet.	Gjennomført
		Få til ei løysing på problema som dei sanitære tilhøva for turistane som besøkjer området. Dette skal gjerast i samarbeid mellom grunneigarar, kommunen og forvalningsstyresmakta.	Gjennomført

Vedlegg – Oversikt over tiltak i besøksstrategien

Verneområde	Skildring	Status haust 2021
1.1 Tiltak for å nå måla for verneverdiane	<ol style="list-style-type: none">Formidle sentrale verneregler på innfallsportar som har høgt besøk av utanlandske førstegongsbesøkande - gjennom kommunikasjonsplanInformere om sentrale verneregler på heimesider - gjennom kommunikasjonsplanKartlegge kulturminne og lage ein plan for formidling av utvalde kulturminne i verneområdetMåle ferdselstrykk, slitasje og gjere sårbarhetsvurderingar etter Miljødirektoratet si handbok.<ol style="list-style-type: none">Kwart 5. år i område med meir enn 3000 besøkande quart årKwart 10. år i område med mellom 500 og 3000 besøkande i åretElles om det vert oppdaga teikn på slitasjeGjennomføre ny brukarundersøking innan 10 år for å kartlegge besøkande si oppleving av landskapet	Igongsett Igongsett Ikke gjort Løpande Løpande
1.2 Tiltak for å nå måla for reiseliv og besøkande	<ol style="list-style-type: none">Kommunikasjonsplan - sikre god og tilpassa kommunikasjon over alle plattformer, samt informasjonsplan for dei mest brukte innfallsportaneHa årlege møte og samlingar/vertskapskurs for reiselivet tilknytta Folgefonna med tema som<ul style="list-style-type: none">o Samhandlingo Felles utfordringaro Moglege konfliktpunkto Besøkande si kundereise og oppleving av reisaNasjonalparkstyret skal bidra med kunnskap om verneområda og rettleie reiselivsbedrifter ved utvikling av nye reiselivsprodukt knytt til FolgefonnaHalde oversikt over omfang og type organisert verksemد og prøve å styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad. Forvaltingsstyremakta skal halde kontroll med større arrangement og organiserte turar som eit førebyggjande tiltak mot slitasje og skade.	Igongsett Ikke gjort Ikke starta I gong
1.3 Tiltak for å nå måla for lokalsamfunna	<ol style="list-style-type: none">Arrangere folkemøte i alle bygder med fokus på kva vern av Folgefonna betyr	Ikke starta

	2. Nasjonalparkstyret skal vere ein samarbeidspartner og bidra til at lokale verksemder kan nytte vernestatusen og merkestrategien på ein måte som ikkje forringar status eller verdi av vern av Folgefonna	Løpande
	3. Nasjonalparkstyret skal sikre god dialog med grunneigarar og rettshavarar og reiseliv for å hindre konfliktar mellom dei ulike interessene i området	Løpande

1.4 Tiltak for å nå måla for born og unge

	1. Lage opplegg for nærturar med informasjonsmateriell retta mot born og unge i samarbeid med besøkssenter nasjonalpark Folgefonna, med ulike tema: a. Verneverdiar b. Historisk bruk og kulturminne c. Naturmangfold	Ikkje starta
	2. Nasjonalparkstyret og naturrettleiar ved besøkssenteret lagar eit undervisings- og informasjonsprogram for born og unge ved skulane i alle Folgefonna-kommunane som skal formidle verneverdiane	I gong

1.5 Konkrete tiltak knytt til innfallsportar

Bondhusdalen

· Opprette kontakt med grunneigarane for å undersøke om det er mogleg med eit offentleg-privat samarbeid som kan stå for drift og vedlikehald av toalettanlegg, parkeringsplass og veg opp til Bondhusvatnet. (Samarbeid mellom private eigarar, rettshavarar, kraftlag, reiseliv, kommune, friluftsråd, turlag og besøkssenter)	Gjennomført
· Bygge opp att varde og designe nytt informasjonspunkt på parkeringsplassen på Bondhus - samarbeid mellom nasjonalparkstyre, turlag og kommunen.	Ikkje gjort
· Oppdatere skiltplan ved Bondhusvatnet.	I gong

Ænesdalen

· Toalett på innfallsport på Ænes - samarbeid med grunneigarar, kommunen og friluftsrådet.	Ikkje gjort
· Informasjonsskilt om turar frå Ænes - samarbeid med kommunen, lokalt turlag og friluftsrådet.	I gong

Hattebergsdalen

· Utarbeide nærst i informasjon om kultur- og naturhistorie rundt Hattebergsfossen - samarbeid med Kvinnherad kommune, lokalt turlag, nasjonalparkstyret og Baroniet i Rosendal.	I gong
--	--------

Folgefonna

· Utvide innfallsport på Kletta i samarbeid med kommune, grunneigarar, lokalt turlag og friluftsråd.	Ikkje starta
--	--------------

· Toalett ved Myrdalsvatnet.	Ikkje starta
· Informasjonspunkt på det nye besøkssenteret på Langfoss i Etne samarbeid med lokale reiselivsaktørar, besøkssenter og kommunen	I gong
· Informasjonspunkt på det nye besøkssenteret på sommarskisenteret i Jondal i samarbeid med lokale reiselivsaktørar, besøkssenter og kommunen	Delvis gjennomført
· Utvide gratis informasjonstilbod om Folgefonna ved Folgefonsenteret i Rosendal	Gjennomført
· Som ein del av arbeidet med informasjonsplan for Folgefonna må det lagast ein plan for oppdatering av eksisterande informasjonstilbod på alle desentraliserte informasjonspunkt knytt til Besøkssenter nasjonalpark Folgefonna. Det vil seie: Agatunet, Odda turistinformasjon, Juklafjord og Langfoss.	I gong

Buerdalen

· Nytt sanitæranlegg	I gong
· Samordne informasjonspunkt med ny skiltplan i samarbeid med kommune, grunneigarar og lokalt turlag.	I gong
· Vedlikehald av sti på enkelte punkt der slitasje er eit problem i samarbeid med grunneigarar	Gjennomført
· Løpende vedlikehald av ferdselstilrettelegging langs stien til Buerbreen.	Løpende

Arkivsaksnr: 2022/107-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 24.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	47/22	02.12.2022

Planlegging av oppsyn frå Statens naturoppsyn for 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2022

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre legg inn bestilling av tenester som vist under.

Saksopplysningar

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Forvaltar legg fram forslag til bestilling av tenester frå SNO for 2023 til drøfting i styremøtet. Forslaget er utarbeidd på bakgrunn av innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar, samt innspel og diskusjonar i styret ila hausten 2022. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialog med SNO. Styret må gå gjennom innspela og drøfte prioriteringane under møtet.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2023. Dette gjennomfører sekretariatet på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebuddalen

Vurdering

Verneområde/Tema	PRI	Beskrivelse av oppdrag og metode	Forankring i planverktøy	Rapportering (Verneområdelogg, Artsobs, Natstat).	Merknad
Verneområde - Tilrettelegging					
Bondhusdalen LVO/Folgefonna nasjonalpark	1	Stiresaurering (råd og veiledning) sør for Bondhusvatnet	Forvaltningsplan	VOL	Treng bistand frå stiressursgruppa ved Rune Holen
Verneområde - Skjøtsel					
Folgefonna NP	1	Fjerne naturlig forygelse av smågraner ved Myrdalsvatnet. Forygelse rundt eldre granbestandet på nordvestsiden av vannet kappes og bli liggende i terrenget. Forvalter må avklare tiltaket med grunneierne før SNO starter arbeidet	Forvaltningsplan		
Hattebergsdalen LVO	2	Rydde sjølfrødd gran langs Hattebergselva			
Verneområde - Bevaringsmål					
Folgefonna NP		Lage bevaringsmål knytt til fjerning av naturleg foryngende gran ved Myrdalsvatnet	Forvaltningsplan	NatStat	

Verneområde/Tema	PRI	Beskrivelse av oppdrag og metode	Forankring i planverktøy	Rapportering (Verneområdelogg, Artsobs, Natstat).	Merknad
Verneområde/Tilsyn og kontroll					
Folgefonna NP	1	Bytte ut gamle verneskilt og bytte til fjellanker der det ikke er sett opp	Forvaltningsplan	VL	
Folgefonna NP, Hattebergsalen LVO, Ænesdalen LVO, Bondhusdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR	1	Følgje opp og kontrollere vedtak fra nasjonalparkstyret	Forvaltningsplan	VL	
Folgefonna NP	1	Kartlegge bygg og tekniske installasjoner. Sandvikedalen, Mosdal, Lonane, Hjortedalen, Tverrelvhytta	Forvaltningsplan	VL	Planlegg felles tur i tidlig august, alternativt juni.
Folgefonna NP, Hattebergsalen LVO, Ænesdalen LVO, Bondhusdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR		Tilsyn med teljarar	Besøksstrategi	VL	
Folgefonna NP, Hattebergsalen LVO, Ænesdalen LVO, Bondhusdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR		Motorferdseloppsyn snødekt mark	Forvaltningsplan	VL	
Folgefonna NP, Hattebergsalen LVO, Ænesdalen LVO, Bondhusdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR		Vere til stade på mykje brukte innfallsportar i turistsesongen.	Besøksstrategi	Verneområdelogg	

ST 48/22 Referatsaker



Folgefonna nasjonalparkstyre
v/ Astrid Bakke Haavik
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

MOTTATT

03.10.2022

11 OKT. 2022

Leikanger
Statsforvaltaren i Vestland

Underretning om henleggelse av sak

Forholdets art: Brot på verneforskrift

Gjerningsdato: 24.09.2020

Gjerningssted: Furebergsdalen

Saken registrert ved: Kvinnherad politistasjonsdistrikt

Påtakansvarlig: TOMREN, Kjetil Linge

Etterforsker: BRATTEBØ, Silje Raaen

De underrettes om at mistenktes forhold er henlagt grunnet ikke rimelig grunn til å undersøke om det foreligger straffbart forhold.

Henleggelsen kan påklages til nærmeste overordnede påtalemyndighet(Statsadvokaten i distriket/Riksadvokaten) Fristen for å klage er tre uker fra denne underretningen kom frem til Dem. Klage skal sendes om politidistriket.

Dersom anmeldte må anses som siktet i saken, kan henleggelsen normalt ikke omgjøres av overordnet påtalemyndighet når det har gått mer enn 3 måneder etter at beslutningen om henleggelse ble fattet, jf. Straffelovsprosessen par.75, annet ledd.

Med hilsen
Vest politidistrikt

14,02,01

Vest politidistrikts

Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Tel: 55 55 63 00 Faks: 55 55 65 50
E-post: post.vest@politiet.no

Fra: [Haavik, Astrid Bakke](#)
Sendt: tirsdag 15. november 2022 15:06
Til: [endre@ecotekk.no](#); [Postmottak SFVL](#)
Kopi: [Kjetil Mehl](#); [post@kvinnherad.kommune.no](#);
[sigrid.handegard@gmail.com](#); [jarle.vangen@ullensvang.kommune.no](#);
[Hilde Enstad](#); Ordfører Etne (mette.heidi.ekrheim@etne.kommune.no)
Emne: Orientering om utsett klagefrist løyve til nydyrkning i Hattebergsdalen
landskapsvernområde

Sender over melding om utsett klagefrist:

Statsforvaltaren ber i dag om utsett klagefrist i sak 25/22, fra styremøte 30.09.2022, som vart sendt ut 24.10.2022. Klagefristen på eit enkeltvedtak er etter forvaltningslova § 29 sett til tre veker etter partane er underretta om vedtak. Fristen for å klage var i denne saka tysdag 15. november 2022.

Forvaltningslova § 29 opnar i fjerde ledd for at nasjonalparkstyret kan forlenge klagefristen før han er utløpt, i særlege tilfelle.

Nasjonalparkstyret ser at det i denne saka har gått svært lang tid før endeleg avgjerd og viser til ulempa dette har for søkjær. Statsforvaltaren oppgjer at dei vil ha eit dialogmøte med nasjonalparkstyret ved styreleiar før dei konkluderer. Styreleiar er positiv til dialog og vil opne for å gje utsetting av klagefristen for å få til dette.

Nasjonalparkstyret utsett fristen for å klage på vedtak om nydyrkning i Hattebergsdalen landskapsvernområde til 9. desember. Alle partar i saka vert orienterte.»

Med venleg helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar



**Folgefonna
nasjonalpark**

Tlf: +47 55572135

Mobil: +47 40904341

Besøksadresse: Folgefonsenteret, Skålafjæro 17, 5470 Rosendal

Postadresse (arkiv): Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Elektronisk postmottak: sfvlpost@statsforvalteren.no

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/>

Endre Mehl
Guddalsvegen 7
5472 Seimsfoss

Trondheim, 15.11.2022

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2022/12013

Saksbehandler:
Hege Langeland

Varsel om vurdering av omgjøring av vedtak om nydyrkning i Hattebergsdalen landskapsvern-område

Vi viser til vedtak om nydyrkning i Hattebergsdalen landskapsvernområde som ble sendt til deg fra Folgefonna nasjonalparkstyre 25.10.2022. Orientering til deg er datert 24.10.2022.

Bakgrunn for saken

Folgefonna nasjonalparkstyre ga i utvalgssak for nasjonalparkstyre 25/22 (møtedato 30.09.2022) deg følgende tillatelse på vilkår:

"Folgefonna nasjonalparkstyre gjev dispensasjon for nydyrkning og aktivitet i samband med dette i Hattebergsdalen landskapsvernområde, med heimel i Naturmangfaldlova § 48."

Miljødirektoratet traff vedtak 01.03.2021 hvor det ble gitt avslag på søknad om nydyrkning for tilsvarende sak. Vedtaket lød:

"Miljødirektoratet endrar Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak og gir avslag på søknaden om nydyrkning. Vedtaket er fatta etter forskrift 29. april 2005 nr. 392 om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1 og naturmangfaldlova § 48, jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd."

Bakgrunnen for vedtaket var at Miljødirektoratet fant at det ikke var hjemmel for å gi tillatelse til nydyrkning i saken. Dette med bakgrunn i at tiltaket ble vurdert å være i strid med verneformålet og påvirket verneverdiene mer enn nevneverdig. I vedtaket står det:

"Miljødirektoratet meiner at nydyrkning som det er gitt løyve til i saka her, vil vere i strid med verneføremålet dvs. å sikre eit eigenarta og vakkert naturområde med stor opplevingskvalitet og verdfulle kulturlandskap. Miljødirektoratet meiner også at nydyrkninga påverkar verneverdiane, naturbeitemark og det særprega landskapet, meir enn nemneverdig. Det er i vurderinga lagt vekt på at nydyrkninga direkte er i motstrid til dei kvalitetane som vernet skal sikre og inneber eit relativt stort landbruks tiltak i landskapsvernområdet. Nydyrkninga inneber ikkje eit bagatellmessig eller forbigoande tiltak (som § 48 er meint for). Det er vidare lagt vekt

på at det på vernetidspunktet er tatt stilling til landbrukstiltak som kan skje i verneområdet og at det ikke er opna for å kunne gi løyve til nydyrkning på nye område, men berre skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark. Miljødirektoratet har også lagt vekt på at tidlegare inngrep pregar dalen og at tiltaket vil auke den samla belastninga på verneverdiane, jf. naturmangfaldlova § 10 som seier at påverknader skal verte vurdert ut frå den samla belastninga på naturen.

Ettersom Miljødirektoratet finn at tiltaket er i strid med verneføremålet og påverkar verneverdiane, kan det ikke gjevast løyve etter naturmangfaldlova § 48.

Dette inneber at Nasjonalparkstyret sitt vedtak vert endra og at Miljødirektoratet gir avslag på søknaden om nydyrkning. Miljødirektoratet si handsaming av klagesaka gjeld vedtaket om nydyrkning på 37,5 dekar. Dei same synspunkta vil også gjelde nydyrkning på eit areal på 20 dekar."

Melding om mulig overprøving av vedtak

Miljødirektoratet finner at Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak i utvalgssak for nasjonalparkstyre 25/22 bør vurderes omgjort, da vedtaket kan være i strid med Miljødirektoratets tidligere vedtak i saken datert 01.03.2021.

Etter forvaltningsloven § 35 tredje ledd kan et overordnet forvalningsorgan og klageinstansen omgjøre underordnede forvaltningsorgan sine vedtak av eget tiltak dersom hensynet til offentlige interesser tilsier det.

Forvaltningsloven § 35 første til tredje ledd lyder:

"§ 35. (omgjøring av vedtak uten klage).

Et forvaltningsorgan kan omgjøre sitt eget vedtak uten at det er påklaget dersom

